



Snart er magnoliaen på Neset som ei kvit sky! (Foto: Ola Matti Mathisen)

No er magnoliatreet på Neset snart i sin vakraste prakt, litt seinare enn i fjor. Dette er blant dei vakraste og mest eksotiske tre vi kan dyrka på våre breiddegradar og som imponerar med sine store, kvite og velduftande blomar.

Botanikarane fortel at magnoliaslekta omfattar rundt 100 artar, mange av dei tropiske. Den første magnoliaen som blomar her til lands er snømagnolia – eller magnolia kobus borealis. Den har blomar på berr kvist i slutten av april og byrjinga av mai og det er ein slik som er å finna på Neset.

Snømagnolian er ein langvegsfarande innflyttar til vårt land, han kjem frå dei nordlige delar av Japan – dei vil seia hovudøya Honshu og den nordligste øya Hokkaido (der Sapporo ligg). Den er mest hardfør av alle magnoliane.

Av Ola Matti Mathisen